



DEN NORSKE KYRKJA

Meland kyrkjelyd

KONTAKT er kyrkjebladet for Meland kyrkjelyd. Det vert laga i samarbeid med Alversund, Seim, Lygra, Osterfjorden og Mo sokn.

Kyrkjebladet kjem ut 4 gonger i året.

Bankgiro: 3632.07.04019 eller Vipps 59301

Redaktør: Geir Øy

Redaksjon: Stine Karin Sæle, Torbjørn Bøen og Anne Sofie N. Uthaug

Grafisk design: Opplett

Trykk: Bodoni AS

Framsidede: Illustrasjon av Oscar Jansen.

www.melandkyrkja.no

Adresse: Postboks 117, 5906 Frekhaug

Telefon: 56171480

Epost: post@melandkyrkja.no

Besøksadresse kontor og Møteplassen: Havnevegen 31, Frekhaug

Treffetid: Mandag, onsdag, fredag 12.00-15.00

Kontakttelefon ved krise: 95483874



Bjørn Tore Sæle

Sokneprest - 56171484

bjorntoresaele@melandkyrkja.no



Anne Sofie Nergård Uthaug

Kyrkjevevjerje - 56171485

anne.uthaug@melandkyrkja.no



Ruben Sæle

Diakon med ungdomsfokus

56171488 - ruben.saele@melandkyrkja.no



Trond Fykse

Kyrkjelydsmusikar - 56171483

trond.fykse@melandkyrkja.no



Helge Hitland

Vikarprest - 905 75 780

helge.hitland@bkkfiber.no



Linda Gripsgård Lunga

Konsulent - 56171480

linda.lunga@melandkyrkja.no



Anne Marit Fosse Dahle

Kyrkjelydspedagog - 56171482

anne.dahle@melandkyrkja.no



Regine Sagstad Berg

Soknerådsleiar - 99324460

reginesagstad@gmail.com



Junji Furukawa

Kyrkjjetenar - 46797567

junjif@sky.plala.or.jp



Følg oss på Facebook:
[@melandkyrkja](https://www.facebook.com/melandkyrkja)

Tankestrek

Kva er poenget med ei nærkyrkje?

Av Anne Sofie Nergård Uthaug, kyrkjevevjerje i Meland kyrkjelyd

Vi menneske har lett for å lage fiendebilete av kvarandre. Vi set opp fareskilt i vårt eige hovud: fare for eldre, fare for fulle folk, fare for leikande barn.

I kyrkjedebatten som har foregått på Facebook har det vore interessant å merke oppfatningane som nokre har av kyrkjeaktive: «Egoistar», «trangsynte», «ekskluderande». Kanskje blir kyrkjefolk opplevd slik? Kanskje har nokon hatt dårlege opplevingar i møte med kyrkjeaktive, eller med meg? I såfall gjer det meg trist, og då vil eg sei: tilgi oss! Vi som er aktive i kyrkja er dessverre berre vanlege menneske, som står i fare for å såre andre.

Det er så lett å ha fordommar - også for meg: ein automatisk tendens til å tenke at enkelte grupper kan vere ein fare: rusmisbrukarar - berre ikkje til å stole på, eldre folk - berre ei belastning, barn - dei berre bråkar, unge - berre opptekne av ein skjerm, innvandrarar - berre ikkje til å stole på. Slike fordommar er som oftast altfor enkle, og difor heilt feil. Alle desse gruppene er så mykje meir enn desse «berre»-påstandane.

Ein regntung dag i haust fekk eg ei stor oppmuntring. Ein liten gut frå Midtausten, med ein annan religion enn min, varma meg langt inn i hjartet med eit flott smil og eit stort kompliment då vi prata litt saman på vegen. Ein annan regntung dag gjekk eg med innsamlingsbøsse til TV-aksjonen. Og ein kar eg møtte i døra, ein eg ikkje venta det frå, takka meg hjarteleg for at eg gjorde denne jobben. Endå ein uventa oppmuntring.

Draumen om ei nærkyrkje handlar mellom anna om møte mellom menneske som kan oppmuntre kvarandre på regntunge og mørke vinterdagar, eller glede seg saman på dei lettare dagane. «Ein venn er ein framand du enno ikkje kjenner», heiter eit ordtak. Vi håpar at ei nærkyrkje kan vere ein møteplass der ein kan få snudd fordommane mot kvarandre til gode opplevingar av at vi har mykje felles, trass skilnader, og få nye venner. På smale vegar er mange glade for å kome til møteplassar med det blå M-skiltet. Med gode møteplassar, og no tenker eg ikkje på trafikken, kan vi tole å vere stadig fleire som bur saman innafor ein liten radius. Men møteplassane blir stadig viktigare å få på plass. Vi treng ei nærkyrkje.





Solveig og Andreas er engasjerte både i Meland kyrkjelyd og på andre arenaer

Westermoen

Tekst: Torbjørn Bøen
Foto: Privat

SOLVEIG OG ANDREAS WESTERMOEN ER TO AV DEI MANGE FRIVILLIGE I MELAND KYRKJELYD. SOLVEIG VART BÅDE DØYPT, KONFIRMERT - OG GIFT MED ANDREAS - I MELAND KYRKJE. BEGGE BIDRAR OFTE MED MUSIKALSKE INNSLAG OG ER MED I EIT AV GUDSTENESTELAGA SOM ER MED PÅ Å LAGE GODE RAMMER FOR GUDSTENESTA. ANDREAS ER MED I SOKNERÅDET OG STILLER RETT SOM DET ER OPP SOM VIKAR FOR ORGANISTEN.

FRIVILLEG ARBEID I MELAND KYRKJE

Andreas er ein oppteken kar med mange jern i elden, og kunne difor ikkje vere med på intervjuet, men Solveig har tid til å slå av ein prat. Eg spør ho om kva som motiverer dei til å gjere ein innsats for kyrkjelydsarbeidet.

– Vi har jo lyst til å byggje opp kyrkjelyden. Og vi trur at arbeidet vi gjer bidreg til oppbygging både for oss sjølve, men også for kyrkjelyden. Særleg det musikalske arbeidet trivs Andreas godt med, og han får ofte mange positive tilbakemeldingar.

– Eg føler at det å vere med i eit gudstjenesteteteam er veldig givande. Å vere med å bidra til at gudstenesta blir ei god samling for alle. Vi ordnar med alt det praktiske. Det er og mange flotte folk som er frivillige i Løvegjengen, søndagsskulen til kyrkja. Dei har ei særskilt viktig oppgåve.

– Kyrkja har mange bra aktivitetar på Møteplassen på Frekhaug senter. Dei har baby-song, open møteplass ein del føremiddagar, og språkopplæring for innvandrarak. Baby-songopplegget veit eg er veldig godt besøkt. Språkopplæ-

FAKTA

Navn: **Solveig og Andreas Westermoen**
Born: **Håkon 11, Sunniva 11, Ellisiv 9**
Bur: **Frekhaug, Løypetona**
Yrke: **Solveig: Lærer. For tida KRLE-student ved NLA. Andreas: Operations Manager for Joma International**

ringa er òg populært, men dei ynskjer at fleire nordmenn skal kome på språkkaféen. Poenget er jo at dei skal kunne praktisere den norsken dei lærer på kurset. Det er både yngre og eldre som deltek med frivillig arbeid i kyrkjelyden.

DRAUMEN OM NYE MELAND KYRKJE

– Den nye kyrkja er jo eit 15 år gammalt prosjekt. Eg ynskjer meg eit sentrumsnært bygg som er i bruk alle dagar i veka, gjerne både føremiddagar og på kveldstid. Kanskje med ein kafé der folk kan treffast. «Open møteplass» kunne vore eit breiare tilbod dersom kyrkja hadde eit slik kafétilbod. Eit øvingsrom eller studio for band hadde vore kjekt. Eit fint kyrkjerom og gode rom til barne- og ungdomsarbeid og løvegjengsarbeid er noko vi sårt treng. Dei lokala vi har no er ikkje akkurat «optimale», og det vert ofte trongt om plassen. Vi treng òg eit rom til dåpsfølga. Det er ofte dåp i Meland kyrkje, og vi har ikkje høvelege rom til dei i kyrkja. Det er rett og slett litt flaut og trist å måtte vise dei til eit trongt lite rom med ein liten sofa.

– Eg veit ikkje om gudstenesta blir meir besøkt om kyrkja kjem til Frekhaug, men eg trur det blir lettare å tilby fleire aktivitetar dersom kyrkja er nærmare. Det blir lettare for både unge og eldre å komma seg til kyrkja. Busstilbodet til Meland er ikkje godt, men dei fleste på øya kan koma seg til Frekhaug. Eg ser for meg store fordelar når det gjeld

ungdomsarbeid, særleg for 8.klasse og oppover. Eg trur vi kan få til fleire aktivitetar med meir egna lokalitetar. Men da treng vi og fleire frivillege.

POLARISERT NETTDEBATT

Eg sit i sofaen med Solveig. Vinden hylar utanfor medan regnet piskar mot vindauga. Katta smyg seg langs veggane og verkar glad for å vere inne. Det har skjedd mykje i kyrkja det siste året. Det har vore eit langt år med mykje kritikk og harde ord mot den nye kyrkja. På nett har debatten vore polariserande med mange krasse kommentarar.

Solveig tek del med gode innlegg når planane for den nye kyrkja blir kritisert på facebook. Ho har òg følgt med på innlegga og kommentarane som har vore krasse og ofte usaklege.

– Eg synes det har vore veldig trist å følge nettdebatten. Eg opplever ein manglande rausheit frå dei som ikkje er tilknytt kyrkjelyden. Mange innlegg kritiserer pengebruken, som jo eg forstår. Folk ser ut til å ha lite forståing for kyrkjelyden sine behov. Dei trur dette er eit nytt prosjekt, men den nye kyrkja er eit prosjekt som har eksistert lenge. Dette er ikkje noko nytt. Kommunesamanslåinga har gjort saka enda vanskelegare.

– Eg håpar innlegga eg har skrive har vore saklege. Eg har ikkje råka personar. Men det har vorte ei polarisering i debatten på nett. Det blir fort veldig svart-kvitt, og det blir vanskeleg for folk å sjå nyansane sjølv om dei er der. Eg vil oppfordre folk til å vere saklege når dei uttalar seg på nettet. Det er mange kjensler i sving, på begge sider. Men eg trur at det er viktig at ein trekkjer pusten og les innlegget tre gonger før ein trykker send. Det er viktig.

POLITISK SPEL OM KYRKJA

– Det er synd når politikarar som tidlegare har støtta saka, snur. Det blir lagt opp til ein «Whataboutism» der ein heile tida skal samanlikne med andre behov og peike mot utfordringar på andre sida. Det eine behovet skal måtte bli vekta meir enn det andre. Eg synest òg at ein ny ungdomsskule er viktig. Eg gjekk på den same ungdomsskolen som står, som skulle ha vore pussa opp då. Men eg ser ikkje kvifor dei to skal måtte bli sett opp mot kvarandre. Vi burde kunne kjempe for å få begge deler.

Solveig er uroa for at utbygginga av den nye kyrkja blir stoppa i ellefte time.

Debattsidene på facebook viser at fleire no trur at forslaget om omstrukturering av ungdomsskulane i Meland har samanheng med den nye kyrkja.

– Eg tenkjer dette handlar om heilt andre ting. Eg trur ikkje dette har noko med prioritering av ny kyrkje å gjere, men handlar om kor folk bur og tilstanden på skulane i kommunen.

Solveig og Andreas er to av mange frivillige i Meland kyrkjelyd. Dei har som mange i kyrkjelyden store draumar om den nye kyrkja og om kva bygget og kyrkja kan få bety for Frekhaug og dei andre bygdene på øya. Utanfor vindaugget har vinden stilna no, men regnet hakkar framleis mot ruta. Mørkret har lagt seg. Snart er jula her, og den gamle kyrkja på Meland vil atter ein gong bli fylt til randa av folk. Dei frivillige vil framleis stå på for å legge til rette for at rammene skal vere gode.



Song og musikk er viktig for Solveig og Andreas

Frå kyrkjebenken

Tekst & foto: Terje Øpstebø

– **Kva kyrkje tilhøyrer du?**

– Eg bur i Knarvik og går i Knarvik kyrkje så ofte eg kan.

– **Kor lenge har du vore aktiv i kyrkjelyden?**

– Eg har budd i Knarvik sidan vi kom hit i 1975. I løpet av desse 43 åra har eg vore med på gudstenestene, først på Isdal/Gjervik skule og seinare i Knarvik misjonshus. Det var stor stas då vi kunne ta i bruk kyrkja som mange hadde sett fram til i fleire tiår.

– **Kva set du mest pris på ved kyrkjelyden?**

– Eg synest det er svært gledeleg å sjå den store oppslutninga om gudstenester, konsertar og andre arrangement. Særleg kjekt er det å sjå aktiviteten for barn og unge. Knøttekoret og Knarvik barnegospel har flinke leiarar og er populære tiltak. Det er flott at desse kora får opptre på gudstenester og konsertar. Elles er det tilbod om babysong, og ikkje minst bør vi vera glade for ungdomskoret Remedy. Ein måndag i månaden er det kyrkjeklubb for menneske med utviklingshemming som òg er eit rosverdig og svært populært tiltak.

I kyrkja er vi alle velkomne slik som vi er. Eg synest det er flott med stor takhøgd.

– **Korleis vil du skildra kyrkja?**

– Eg er imponert over det flotte bygget vi har fått. Det er noko med arkitekturen som gjer at vi blir stemde til høgtid når vi kjem inn.

– **Kva salme syng du gjerne for tida?**

– Eg meiner at salmeboka er eit skattkammer. Det er vanskeleg å peika på ein bestemt salme, for eg likar så mange. Prestane er flinke til å ta i bruk nye salmar, og dyktige organistar gjer det til ein fest å syngja både dei gamle og dei nye.

– **Kva kjenneteiknar ein god kyrkjekaffi?**

– Kyrkjekaffien blir god dersom vi slår av ein prat med folk som vi elles ikkje pratar med så ofte. Det er imponerande av soknerådsmedlemene og andre som søndag etter søndag kjem med bakverk og steller i stand til så mange.



FAKTA

Namn: Lars Inge Kjemphol

Alder: 69

Bustad: Klubben i Knarvik

Sivil status: Gift, 3 vaksne døtrer

Yrke: Pensjonert lærar





Andakt ved Helge Taranrød
Prost i Nordhordland

Og Ordet vart menneske

*Sov, du lille, sov nå godt, du er døpt, ditt hår er vått.
Nå er livet godt begynt, dødens nederlag forkynt.
Du er på den grønne gren, lille knopp, Guds øyensten.*

NORSK SALMEBOK 589

Maria i stallen. Med det vesle nyfødde barnet inntil seg.
Natta er mørk og stille. Det vesle barnet søv. Kanskje nyn-
na ho på denne vakre salmen.

*Og Ordet vart menneske
og tok bustad mellom oss.*

JOH 1,14

Dei vart redde. Gjetarane. For engelen. For Lyset. Det kom
så brått. Herrens herlegdom. Det var uforståeleg. At Den
Allmechtige Gud skulle gjeste jorderiksfolket. Som eit barn.
Utenkjeleg. Ikkje til å tru.

Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde!

LUKAS 2,10

Som eit barn kom Han. Det er uendeleg vakkert. At Den
Allmechtige Gud speglar seg i det vesle menneskebarnet.
Det er utenkjeleg. Men det er til å tru.

Men kva med barna som ER redde. Som må ta omsorg for
mor. Som er redd for far. Som ikkje kjenner glede. Som
kjenner seg framand. På skulen. Blant vener. Som ikkje
kjenner seg elska.

Til akkurat deg seier engelen: «*Ver ikkje redd!*»

For Han som kom, Han kom som eit barn. Han kom for
deg. Og Han speglar seg i ditt andlet. Og når det skjer, trur
eg. Då trur eg på Den Allmechtige Gud. At Han verkeleg
kom for å gjeste oss. Og frelse oss alle. Og Barnet viser veg.
Til sann tru. Til Håpet. Til Himmelen.

*Og vi såg hans herlegdom,
ein herlegdom som den einborne Sonen
har frå Far sin,
full av nåde og sanning.*

JOH 1,14

VELSIGNA JUL!



Juletreet i julefeiringa

Tekst: Arnt Brakstad

Med ein 500-årig lang tradisjon med bruk av juletre, kan det vera vanskeleg å plukka ut noko som kan få plass på berre ei bladside. Men dei som vil vita meir om juletretradisjonen, kan finna mykje på internett, og det har nett kome ei ny bok om temaet.

LITT HISTORIKK

I Sør-Tyskland var det alt på 1520-talet mykje bruk av pynta nåletre i samband med julefeiringa. Det vart nokre stader hogge så mange tre at skogeigarane var redde for avskoging. I 1808 er det registrert at bruk av juletre hadde kome til Danmark med tyske embedsmenn. Ikkje lenge etter, i 1822, er juletretradisjon komen til Norge. Men her i landet vart det ikkje vanleg med juletre i heimane før på siste halvdel av 1800-talet. Då var det ikkje alle stader det vaks så mykje gran eller furu. Difor vart det i dei ytre kystbygder som her i Nordhordland, brukt greiner av brake (einer) som dei batt saman i ein dusk, festa på ein stokk og sett på ein eigna stad i stova. Seinare vart det i dette området brukt furu som juletre til granplantinga vart vanleg utover på 1900-talet.

JULETREGANG

Til garden Indre Brakstad på Holsnøy kom det elektrisk straum i 1951. Elektriske juletrelys fekk me ikkje med det same, men brukte som før levande lys i stakar som kunne festast på treet. Me gjekk helst rundt juletreet i den vesle stova når me fekk besøk i jula og song nokre vers av dei mest kjende songane som stort sett berre vart brukte i jula. Då vart stearinlysa tende på juletreet, og eg hugsar at me måtte vera forsiktige så me ikkje kom bort i juletrelysa slik at det kunne ta fyr i kleda.

På 1950-talet var det mykje aktivitet i Tveit bedehus der eg gjekk på søndagsskule og i yngreslaget.

Det var ofte to og kanskje tre julefestar (juletreffestar) med nokre dagars mellomrom. Det var éin fest for dei yngste, barnefesten, med raudbrus i flaskene og brune papirposar med diverse godt i. På denne festen var nok gangen rundt juletreet eit høgdepunkt der eg hugsar at den mest populære songen var «O jul med din glede.....».

Ein annan fest vart kalla vaksenfesten. På denne festen gjekk óg ungdommane. Det var ei spesiell stemning når både unge og eldre gjekk rundt juletreet fordelte på fleire ringar og song «Den himmelske lovsang har rikere toner ...» som «alltid» høyrde med til gang rundt juletreet. Folk song så det var vanskeleg å høyra trøorgelet som skulle leia songen. Eg meiner å hugsar at det var fleire som var med i songen då dei gjekk rundt juletreet enn då dei sat på ein stol og song.



Julekort som var sendt i jula 1911 til Frk. Guri Sjurdal (lånt av Gunlaug Brakstad). Pynten på juletreet ser mellom anna ut til å vera tørre kaker og små sylindforma pakkjar.

PYNTING OG SYMBOLBRUK

Å bruka eit vintergrønt tre som gran eller furu, skulle vera symbol på det evige livet «... ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.» (Joh. 3,16.) Gåvene som vart lagt under treet, skulle minna om «dei tre vise menn frå Austerland» som kom med gull, røykjelse og myrra til barnet som var fødd i ein stall i Betlehem. (Matt. 2,1-12.)

Pynten på treet har variert mykje, men lys har vore viktig. Jesus sa om seg sjølv: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandra i mørkret, men ha livsens lys.» (Joh. 8,12.)

I toppen på treet vart det plassert noko som skulle minna om stjerna som lyste ekstra så sterkt over Betlehem den natta Jesus Kristus vart fødd.

Ei tid var det ein skikk at borna i huset fekk forsyna seg av alt som var etande pynt den dagen juletreet vart hausta (tatt ut). Det kunne vera eple, flatbakte kaker, eller søtsaker som låg i fletta korgar av farga glanspapir. Jesus sa om seg sjølv: «Eg er livsens brød. Den som kjem til meg, skal ikkje hungra, og den som trur på meg skal aldri tørsta.» (Joh. 6,35)

BRUK AV JULETRE NO

Ca 90 % av husstandane i Norge har juletre i heimen. Det vert seld kring 1,4 mill. «levande» tre per år. I tillegg reknar ein med at det vert hogd ca 400 000 tre i eigen skog eller hjå andre som ikkje driv med juletreplantasjar. Bruken av plasttre er aukande, og truleg er det ca 25 % av husstandane som vil bruka slike juletre i jula 2018.

Julefeiring

Tekst: Stine Karin Sæle, Geir Øy, Gunvor Taule Mjanger
Foto: Privat



Karina Garnes Reigstad (31) kjem frå Frekhaug, er forlova med Billy Tough frå England og jobbar ved den britiske ambassaden i Oslo. Lokalstyremedlem og folkevald i MDG.

– Korleis ser juledagane ut for deg?

– Billy og eg feirar annakvart år i England og Norge. Feiringa i England skjer hovudsakeleg 1. Juledag, men vi har tatt med oss nokre norske tradisjonar, som å opne gåver på julafta. God mat høyrer naturleg nok med til feiringa begge stader.

– I år skal vi feire jul på Frekhaug. Det inneber “Tre nøtter til Askepott”, graut med mandel, gudsteneste, julemusikk, god middag, gåver og mykje takksemd.

– Set miljøengasjementet ditt preg på julefeiringa?

– Ja, på mange måtar. Pappa og eg har ein kontinuerlig debatt om plastjuletre versus ekte tre. Eitt år kom eg med eit tredje alternativ. Då pynta eg oliventreet eg hadde heime.

– Eg er veganer, noko som er eit bevisst miljøval og som pregar juleførebuingane på matfronten. Vi bruker tid på tørking og marinering og har fokus på å ete lokale grønnsaker. God mat til jul høyrer med.

– Når det gjeld julegåver, har vi ei ordning i familien der vi kjøper ei gåve kvar, og så gir vi heller pengar til ei veldedig sak. Og gåva under treet, den er sjølvstekt pakka inn i gjenbrukspapir.

– Har du ein favoritt blant julesongane?

– Det er så mange fine, men eg vil nevne Oh holy night. Eg er glad i dei klassiske songane, og får alltid gåsehud når eg høyrer denne. Noko med songen og musikken set meg i julestemning.

MEININGSFULL JULETID

Yvonne og Ola Johannes Jordal har feira jul på sjømannskyrkjer ni gonger. Dei har vore i Antwerpen i Belgia, i New Orleans og no seinast i tre år i Paris. Julefeiringa var nokså forskjellig dei ulike stadene.

– I Paris var det førjulstida som gjaldt for den norske kolonien. Det største arrangementet var julemarkedet med sal av norsk mat, husflidsprodukt og laks. Det var kafeteria og gløgg til alle. Salet var nærmare 1 million kroner på to dagar. Det var viktig for drifta av den lokale kyrkja vår, seier Ola Johannes.

Yvonne fortel at på Lucia-dagen var det juleverkstad med fullt familieprogram. Det blei baka lussekattar, sju kakesortar, det var julegraut, det var Lucia-gudsteneste og hagefest til slutt.

I Antwerpen var trailermiddag det store arrangementet på julafta. Der var behovet eit heilt anna enn i Paris. I New Orleans var det utflytta nordmenn som sette pris på å halde fast på gode norske tradisjonar.

– Heile familien feirar på ein måte jul på kyrkja sine premissar når me har vore ute. Ungane har vore vant med det frå dei var små. Me opplever at me har blitt fleksible. Fordi julafta kunne vere travel, hadde me julefeiring med familien på 1. juledag, seier Yvonne.

Ola Johannes fortel at det alltid var kjekt å få besøk av familie eller venner i jula.

Jul på sjømannskyrkja var mykje arbeid for Yvonne og Ola Johannes. Dei kunne kjenne seg slitne, men det var meningsfullt å vere noko for andre i den tida. No gleder dei seg til norsk familiejul igjen.



Yvonne og Ola Johannes Jordal har feira jul på sjømannskyrkjer ni gonger, saman med borna Vetle (10), Erland (17), Matias (13) og Tarjei (19).

Kari og Leiv Eidsnes, 80+. Han har arbeidd i lensmannsetaten, bønder, fire søner, fire svigerdøtre, fjorten barnebarn og fire oldebarn.



– Korleis ser juledagane ut for dykk?

– Julaftan er me saman med ein av sønene og familien. Først er det gudsteneste, så familiemiddag og feiring. Fjøsen må vera ferdig stelt. Juleevangeliet skal lesast etter middag, og Deilig er jorden syngjast før ein går frå bordet.

– Første juledag er det familiebesøk, så mange det er plass til, og det er dei fleste som er i nærleiken.

– Har de juletradisjonar?

– Sju sortar julekaker kjem i boks før jul. Då borna var små, måtte kakene gøymast for at det skulle vera noko att til jul, i ei kiste med nøkkel, ingen ‘ut-og-inn-kaker’ i denne familien. Så er det viktig at det er reint alle stader, også i fjøsen, sprake i glasa slik at det luktar godt hjå dyra. Julaftan får dei ein ekstra godbit med godt tørrhøy og ekstra mjøl. Me pyntar litt både inne og ute. Julehelsingar til slekt og vener høyrer med, sjølv om det er mindre no enn før. Breva til slekt i Amerika må sendast i tide. Me tenner lys i eit tre ute, og hentar juletre i eigen skog.

– Har de ein favoritt blant julesongane?

– Me likar godt dei gamle julesongane, som Eg er så glad kvar julekveld, for då vart Jesus født.

– Kan de seia noko om den største skilnaden på julefeiring før og no?

– Me vaks opp under krigen, då var det ekstra sparsomt. Det var mest heimelaga presangar, det skulle lite til for at det vart stort, leistar og vottar av garn karda og spunne heime. Gjerne ei bok, stundom også ein liten bil med batteri. Me vart glade for kvar liten ting. I dag vert dei også glade, men det vert så mange presangar, og det er heilt på ein annan måte.

Leiv hugsar jula 1945, då fekk han smaka sjokolade for første gong, det var gåve frå ein onkel som kom frå England. Når ein hugsar kor tid ein fekk sjokolade, då er det svært annleis enn i dag når det fløymer over. Ein tur til by'n før jul for å sjå på julenissen hjå Sundt'n var ei sværa reise på fem-seks timar.

Kari og Leiv meiner det er viktig å førebu jula i adventstida, få fokus og ro til den rette jula. Dei har tid til det no, som pensjonistar.



MELAND ELEKTRO

AUTORISERT ELEKTROENTREPRENØR

Mjåtveitflaten 45 • 5918 FREKHAUG
Tlf 56 17 87 00 • post@melandelektro.no
www.melandelektro.no

HAGEL

AUTORISERT REGNSKAPSFØRERSKAP

SAMTALEPARTNER | BRANSJETEAM
DIGITALISERING | AUTOMATISERING

RING 56 35 55 80

Hos oss blir du alltid møtt med god kompetanse, gode råd og godt humør.

- Hagel AS, Hagellia 6, 5914 Isdalstø -

www.hagel.no



Kyrkjeleg fellesnemnd med representantar frå Meland, Radøy og Lindås

Ny kyrkjeorganisasjon

Prosessane går kontinuerleg i og mellom arbeidsgruppene, tillitsmannsapparatet, kommande rådmann i Alver kommune, politisk fellesnemnd, prestar, prost og kyrkjeleg fellesnemnd. Stikkord er involvering og kommunikasjon, slik at vi alle når vårt felles mål; ein god og tenleg kyrkjeorganisasjon som bidrar til at evangeliet blir forkynt i ord og handling.

20. november skal kyrkjeleg fellesnemnd ha sitt neste møte og gjera vedtak om ny organisasjonsmodell. Vi legg til grunn at stabane og sokneråda ønskjer eit lokalt nærvær, og det betyr blant anna at utoverretta stillingar må vera lokalisert på dei fem kyrkjekontora: Lindås, Ostereidet, Knarvik, Frekhaug og Manger. Den lokale grunneininga skal prioriterast, og sokneråda må ha administrative ressursar til saksførebuing, referentfunksjon og oppfølging av vedtak.

Fellesrådsadministrasjonen blir lokalisert i Knarvik og treng både handlekraft og fagleg tyngde for å tena sokna. Arbeidet kan til dømes delast inn i område som bygg og anlegg og personalansvar/oppfølging, samt at det overordna ansvaret ligg hjå kyrkjevevja.

Kyrkjevevjene i noverande kommunar har delt på arbeidet og hatt ansvar for kvart sitt område. På fellesnemndsmøte 12. september vart det gjort vedtak om ekstern utlysning av kyrkjevevjestillinga med sikte på oppstart august 2019.

Takk til alle involverte for velvilje og godt samarbeid så langt! Og til dykk andre som ikkje er direkte involverte, men er interesserte og glade i kyrkja: vi treng at de hugsar på oss i bøn!

1/11 - 18
Grethe Lunde
Leiar kyrkjeleg fellesnemnd

Vatne
Begravelsesbyrå

Vi kan hjelpe til med rådgivning og tilrettelegging ved begravelser og bisettelser.

Døgnvakt 56 35 09 10
www.vatne-byra.no
Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalsbø

Knarvik Blomsterstove 

Kvassnesvegen 11 – 5914 Isdalstø
Tlf: 56 35 62 20 – www.knarvikblomsterstove.no

NY STEIN - OPPUSSING - NAVNETILFØYING
Kontakt oss på forhånd i telefon og gjør avtale

VESTSTEIN - naturstein

5918 FREKHAUG - Mob.: 91 31 34 80

Kulturkalender

2. desember

JULEKONSERT

Knarvik kyrkje kl. 18.00

«Vår Jul» med Torstein Sødal, Maria Arredondo, Knarvik Gospel, Knarvik Barnegospel, Singsingeling og Sing Out. Billetter på Ticketmaster og ved inngangen.

9. desember

JULEKONSERT

Meland kyrkje kl. 17.00

Rosslund skulekorps, Ebbe Io (Song), Lars Ådlandsvik Aske-land (Piano), Nils Oddvar Merkesvik (Gitar), Måltrastena, Meland Musikklag.

Fri entré/Kollekt til Kirkens Nødhjelp.

BACHS JULEORATORIUM

Knarvik kyrkje kl. 19.00

Juleoratoriet av Bach vert framført av Alversund kammerkor med orkester og solistar. Gjestedirigert er Bjørn Sagstad.

12. desember

JULEKONSERT

Knarvik kyrkje onsdag 12. desember kl. 19

Lindås kulturskule ønskjer velkomen til sin tradisjonelle julekonsert.

15. desember

JULEKONSERT

Ostereidet kyrkje kl. 17.00

Julekonsert ved Te Deum, Leknes Blåseorkester m.fl. Solo-innslag ved Maria Carlsen. Allsong. Appell ved sokneprest Torbjørn Aamli. Enkel servering etter konserten.

Evt. overskot går til Kirkens Nødhjelp

Arr. Te Deum

16. desember

JULEKONSERT

Alversund kyrkje kl. 17.00

Alversund musikklag saman med musikalske gjester.

”SYNG JULA INN”

Meland kyrkje kl. 20.00

Felix Vocalis med band og solistar. Dir. Jannicke Wisløff Åsebø.

Inngang 100,-/Barn gratis.

17. desember

JULEKONSERT

Ostereidet kyrkje kl. 18.00

Julekonsert ved Ostereidet skulemusikk og elevar frå Kulturskulen.

Arr: Ostereidet skulemusikk

23. desember

LITLEJULAF TAKONSERT

Seim kyrkje kl. 22

Seim songkor syng etter fast tradisjon jula inn litlejulafta. Ingrid Fagna frå Seim på althorn og Vidar Eldholm på orgel er årets gjester.

LITLEJULAF TAKONSERT

Knarvik kyrkje kl. 22

Kjersti Wiik skipar til konsert med Frode Skag Storheim, Maria og Rebekka Eikefet, Astrid Aarhus Byrknes, Linn Vetås, Trygve Hellesen m.fl.

Kr 250/ 600 (fam). Bill. post@kjerstiviik.no samt ved inng.

Dåp

Frå 1. oktober 2018 får ikkje kyrkjekontora lengre melding om kyrkje-medlemmer som har fått born. Korleis skal vi no nå alle med invitasjon til dåp? Det er fint om de foreldre sjølve tar kontakt med kyrkjekontoret i sokna der de ønskjer dåp. Besteforeldre og andre kan gjerne minne nye foreldre om det.

Vi ønskjer alle hjarteleg velkomne til dåp i kyrkjene våre!





OPPSKRIFT

Mamoul – Syrisk julebakst

Det syriske ekteparet
Jacline Hanna og
Essam Layous bur på
Frekhaug.

Saman driv dei matbedrifta Syriske Delikatesser som leverer syrisk mat til små og store arrangement, eller om du berre vil servere familien noko nytt til middag. I tillegg til småkakene du får oppskrifta på her kan du bestille mange spennande og velsmakande rettar, både til middag og dessert.

Les meir her: [Facebook.com/syriske.delikatesser](https://facebook.com/syriske.delikatesser)

Ingredienser

500 g kveitemjøl
250 g margarin
1 kopp sukker
1 dl vatn
Litt vaniljesukker
Fyll: Dadlar og/eller valnøtter

Slik gjer du

Smelt margarin. Bland saman kveitemjøl, margarin, sukker, vatn og vaniljesukker. Elte deigen godt for hand. Pakk deigen i plast og la den kvile i kjøleskap i 2-3 timar.

Etter avkjøling: Kjør dadlar og/eller valnøtter (kvar for seg) i ein foodprocessor. Ta deigen ut av plasten. Du skal no forme småkakene. Tradisjonelt brukast ei "treskei" som lagar mønster i deigen, men ei anna lita form



(t.d. stiv muffinsform) kan også brukast. Ta ei spiseskei deig og trykk den ned og ut i kantane i forma. Legg ca 1 teskei med fyll i gropa, enten dadlar eller valnøtter. Lag eit lokk av deig, legg over og tett til kantane. Snu forma

opp ned på eit bakepapir, så småkaka fell ut. Gjer det same med resten av deigen og fyllet.

Steikast på 200 grader i 5-10 minutt. Kakene skal ikkje vere brune.

KNARVIK 40 SENTER

Møteplassen for handel og kultur

**Nordhordland
Begravelsesbyrå AS**

VIRKE
GRAVFERD

Ring oss på tlf. 56 37 14 10
eller sjå www.nordh-bb.no

Stort utvalg
i blomster og
gravminne!

KYRKJEVEGEN 1
5911 Alversund

FREKHAUG:
Havnevegen 31,
5918 Frekhaug

AVD. VAKSDAL:
Tlf. 56 99 25 70

Me går saman med deg heile vegen

VINNAR, KRYSSORD I NR 3/18
Lars Inge Kjemphol, Isdalstø

GRAVMINNER



**Løvaas
Naturstein**



Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen

Man- fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.

www.lovaasnaturstein.no

Kyrkje på Frekhaug – status



1 **1989** – Meland vert lausrive frå Alversund prestegjeld

2 **1990** – Biskop Lønning: «det må kome ny kyrkje på Frekhaug»

3
4
5 **2003** - Første år kyrkjebygg er nemnt i økonomiplanen

6 **2003** – Soknerådet; ny kyrkje skal ligge på Frekhaug

7
8 **2004** - Kommuneplan 2005-17: “realisering av kyrkje nr 2 i kan vere aktuelt i planperioden”

9
10 **2004-2009**- Ulike tomtealternativ foreslått: Langeland, Meieritomta, Frekhaug nord

11
12 **2008**- Kyrkjetomt på kommunebudsjettet

13
14 **2009-2011**-Pengar avsett til kyrkjefond på kommunal økonomiplan (men ikkje realisert)

15 **2009** – Tankar om kyrkje og kulturhus i same bygg

16
17 **2014** – Tomt avsett til kyrkjeformål på Frekhaug nord

18 **2017** – Kommunalt vedtak om 70 millionar til kyrkje, kulturdelen ute av vedtaket

19
20 **2017**- Forhandlingar om tomt mislukkast

21
22 **2018** – Sokneråd og formannsskap inngår avtale om finansiering og bygging av ny kyrkje

23 **2018** – Blir kyrkja med i neste økonomiplan?

24 **2023** – Ny kyrkje ferdig?

Arbeidskyrkje – og litt kulturhus

- Desember 2017: Kommunestyret seier nei til kombinasjon kyrkje/kulturhus.
- Soknerådet held likevel fast tanken om:
 - Ei arbeidskyrkje som gjev rom for vekst i kyrkjelege tilbod på Frekhaug.
 - Ei kyrkje som har rom mange slag for kulturaktivitet.
- Prosjektet er prega av stort frivillig engasjement til gagn for både økonomi og folk.
- Kyrkja skal stå i minst 150 år, vi bygger for framtidige generasjonar!

På Frekhaug

- Der bur dei fleste i Meland, og vil veksten kome.
- Kyrkja vil vere nær menneska ein er sett til å tene, også geografisk.
- Knarvik er ein flott plass, men i kvardagen treng vi gode tilbod på Frekhaug.
- Å vere til stades lokalt gjev kraft til å gjere noko førebyggjande lokalt.

Politisk prosess og byggeprosess

- Det står om budsjett for 2019 og økonomiplan for 2019-2022.
- Ny kyrkje i økonomiplanen vil opne for ein avtale om bygging og finansiering.
- Tomt skal avgjerast om få månader. Deretter kan planlegginga ta til.
- Ein realistisk plan er at bygget er ferdig tre år etter at tomt er skaffa.

Ny i Meland kommune?

Du er hjarteleg velkommen til å bli med på samlingar og aktivitetar i regi av, eller i samarbeid med Meland kyrkjelyd.

Gudsteneste kvar søndag i Meland kyrkje kl. 11.00.

Treng du skyss til Meland kyrkje? Ta kontakt med kyrkjekontoret 56 17 14 80.

Søndagsskulen Løvegjengen kvar søndag utanom skuleferiane og familiegudstenester. Gruppe for barn under skulealder og skulebarn opp til 7. kl. Kontakt: Anne Marit Fosse Dahle, 93 61 13 11.

Norskkurs for innvandrere. Gratis norskkurs, små grupper. Kvar onsdag kl.

18.00 – 19.30 på Møteplassen. Skyss for dei som treng. Kontakt: Brit Torun Hitland, 95 22 35 08.

Internasjonal kafe.

Uformell treffplass, nokre gonger med litt program. Kvar onsdag kl. 19.30 – 21.00 på Møteplassen. Kontakt: Brit Torun Hitland, 95 22 35 08.

Open Møteplass. Open treffstad/kafé for dei som er heime på dagtid. Kvar mandag, onsdag og torsdag kl. 11.00–13.30 på Møteplassen. Kontakt: Marit Sæle, 40 47 35 20.

Småbarnstreff med baby-sang. Kvar tysdag kl. 11.00 – 13.00 på Møteplassen. Kontakt: Anne Marit Fosse Dahle, 93 61 13 11.

Felix Vocalis. Kor for voksne. Øver annankvar tysdag kl. 20.00 – 22.00 på Møteplassen. Kontakt: Jannicke Wisløff Åsebø, 40 22 86 94.

Husgrupper. Smågrupper som møtest i heimar. Sosialt, samtale, måltid, bøn. Kontakt: Kyrkjekontoret, 56 17 14 80.

Seniors. Treffpunkt med program og middag på dagtid. Første torsdag i månaden kl.12 på folkehøgskulen. Samarbeid med Frekhaug indremisjon og Norkirken. Kontakt: Victor Bakke, 99 61 75 83.

Yngres Frekhaug.

Aktivitetar, andakt og kiosk. For 5.-7.klassingar. Annankvar fredag kl. 18.30–21 på Frekhaug bedehus. Samarbeid med Norkirken og Frekhaug indremisjon. Kontakt: Ruben Sæle, 56 17 14 88.

SKrUL, ungdomsklubb for deg som går i 8. klasse og oppover. Kvar laurdag kl. 20.00 på Frekhaug Bedehus.

Samarbeid med Norkirken og Frekhaug indremisjon. Kontakt: Ruben Sæle, 56 17 14 88.

Levande Lys. Barnekor for deg som har fylt 4 år og oppover. Øver annankvar onsdag kl. 17.30 – 18.30 på Frekhaug bedehus. Kontakt: Kamilla Strømsbo Dale, 47 30 65 24.

Strilongane. Barnekor for deg som er ca. 4 år og oppover. Øver kvar mandag kl. 17.45 – 18.30 på Rosslund skule. Kontakt: Sandra Bruvik, 45251609.

Yngres Rosslund. Aktivitetar, andakt og enkel matserving, Frå 3. klasse og oppover. Annankvar fredag kl. 18.00 – 19.30 på Rosslund bedehus, Kontakt: Miriam Skurtveit, 94 84 69 96.

Søndagsskuleklubben.

Aktivitetar og andakt. For barn til og med 2. klasse. Annankvar onsdag kl. 18.00 – 18.45 på Rosslund bedehus. Kontakt: Anlaug Isdal, 99 47 03 09.

MEIR INFO:
WWW.MELANDKYRKJA.NO

Kort og nytt

FØRSTEHJELP VED SORG

Føler du deg hjelpeløs når vener og kjende har mist nokon? Det er ikkje uvanleg. Kyrkja har utarbeidd «førstehjelp ved sorg» med gode råd til dei som har ønskje om å støtte andre. Sjå www.kyrkja.no/sorg eller oppslag og brosjyre i kyrkja og på kyrkjekontoret.

NYTT GRAVFELT UNDER PLANLEGGING

Firmaet Asplan-Viak held i haust på med utarbeiding av reguleringsplan for nytt øvre gravfelt på Meland. Det er med i planen å legge om vegen til Bjørnestad og å få ein ny vegtrase til dei øvste gravfelte. Planen kjem ut på høyring til våren.

NYTT VARMEANLEGG OG SLIPING AV GOLVET

Meland kommune har løyvd pengar til å setje inn nytt varmeanlegg i Meland kyrkje. Søknad er sendt til biskop og Riksantikvar, og planen er å gjere jobben ved starten av 2019. I den samanheng vil ein også slipe ned tregolv og lakke det på nytt. Det kan bety stenging av kyrkjerommet nokre veker, og alternative lokale må skaffast til aktivitetane.

HØYRING OM NY KYRKJEORDNING

I haust er det høyring som alle kan svare på om forslag til ny lov om trussamfunn. Sjå meir info på <https://kyrkja.no/nb-NO/om-kirken/aktuelt/horing-om-kerkeordning/> Frist: 15.12.18

Slekters gang

Døypte

Meland kyrkje

2.09.2018

Sverre Langesæter Bauge

Haakon Husebø

Caspian Milan Rykkje

Korneliusen

23.09.2018

Marie Chyba Eidsnes

30.09.2018

Mathilde Hansen Marktun

Fillip Takvam

14.10.2018

Mathea Landsvik Arnesen

Fillip Sæterstøl Fylkesnes

Thea Børslid Krossnes

Dennis Moe Landsvik

Sofie Hitland Skarsvåg

Timre Hammer Vaage

21.10.2018

Sebastian Fjeldstad Mardal

(Gimmestad kyrkje)

28.10.2018

Tiril Vallestad Gullaksen

Odin Sebastian Aase Harrison

Filip Strand

11.11.2018

Melina Espetvedt Eknes

Aline Sagstad Håkonsen

Amanda Svenson-Hamlander

18.11.2018

Sander Ferro Krüger

Hans Rosså Stokke

Vigde

Meland kyrkje

1.09.2018 Silje Simonnes og

Thomas Corneliusen

6.10.2018 Kari Hopland Van Der

Kooij og Martin Groh: Velsigna

i Meland kyrkje. *Vigde hjå*

sorenskrivaren 11.10.2016

20.10.2018 Ida Charlotte Hope og

Isak Hølleland

Gravlagde

Meland kyrkje

24.08.2018 Kjell Eilif Mjåtveit (f. 1943)

28.09.2018 Johannes Brakstad (f. 1932)

19.10.2018 Johan Enok Hammer (f. 1939)

26.10.2018 Kirsten Høyvik (f. 1935)

ALT I CATERING
NORDHORDLAND FOLKEHØGSKULE
www.catering.com • tlf. 56 17 43 23

Meland Auto AS
Autorisert bilverkstad
www.melandauto.no

MCA

Hageland
Søderstrøm Blomster og Hagesenter AS
Lyngvegen 1, 5914 Isdalstø
tlf. +47 56 35 17 65
mobil +47 926 08 647

Gravstein i alle utførelser
fra enkle og grove til
helpolerte.

STEINRIKET
EIKNER NATURSTEIN

Lokal representant
Rune Hjermann
Kyrkjesundsvegen 81, Holsnøy
Mob 911 63120

Tilbehør til gravstedet
Tilførsler av navn
Oppussing vask, stell
Rehabilitering reperasjon
www.eikner.no

SKARSVÅG
Rør og Interiør as

Telefon: 56 17 07 10 Telefaks: 56 17 07 11
Besøksadresse og Postadresse:
Melandsvegen 15, 5918 FREKHAUG

Mandag-Fredag 08.00-16.00 Lørdag: STENGT

For avtale etter kl. 16.00 alle hverdager,
ta kontakt på telefon: 56 17 07 10

REMA 1000
FREKHAUG SENTER
tlf.: 56 17 60 00

GLØDE
Arbeids- og Kompetansesenter

Vi tilbyr utleie av flotte festlokale og har gode cateringtilbud
til dåp, konfirmasjon, jubileum og minnesamvær.
Sjå www.glode.no eller ta kontakt på 56 17 58 00

HELÅS AS

- Gravminner og benkeplater
- Salg av nye steiner
- Vedlikehold
- Reprasjoner (nytt gull eller lakk)
- Navnetilføyelse
- Arbeid på kirkegårder (rette opp og sikre steiner)

Bare ta kontakt dersom du har spørsmål.
Tlf 93 03 75 94 / 56 37 35 45

KIWI mini pris
for alle med sans for lavpris
FREKHAUG SENTER
Åningtider: Man.-fred. 9.00-22.00
Lørd. 9.00 - 20.00

GUDSTENESTE- KALENDER



Foto av Meland kyrkje: Morten Sæle

2. desember

20.00 v/Bjørn Tore Sæle
Lysmesse. Takkoffer til kyrkje-
lydsarbeidet

9. desember

11.00 v/Bjørn Tore Sæle
Dåp. Takkoffer til NLA

24. desember. Julafta

13.30 v/Helge Hitland
Sagstad skulekorps. Takkoffer
til Normisjon

24. desember. Julafta

Kl. 15.00 v/Bjørn Tore Sæle
Rosland skulekorps. Takkof-
fer til Kirkens Nødhjelp

24. desember. Julafta

16.30 v/Bjørn Tore Sæle
Takkoffer til HimalPartner

25. desember. 1. juledag

12.00. Nattverd. Takkoffer til
Det Norske Misjonsselskap

1. januar

12.00 v/Helge Hitland
Dåp. Nattverd. Takkoffer til
kyrkjelydsarbeidet

6. januar

11.00 v/Bjørn Tore Sæle
Konfirmantpresentasjon
Dåp. Nattverd. Takkoffer til
kyrkjelydsarbeidet

13. januar

11.00 v/Helge Hitland
Nattverd. Takkoffer til kyrkje-
lydsarbeidet

20. januar

11.00 v/Bjørn Tore Sæle
Dåp. Nattverd. Takkoffer til
kyrkjelydsarbeidet

27. januar

11.00 v/Bjørn Tore Sæle
Takkoffer til Den Norske
Misjonsallianse

3. februar

11.00 v/Helge Hitland
Dåp. Nattverd. Takkoffer til
HimalPartner

10. februar

11.00 v/Bjørn Tore Sæle
Søndagsåpent. Nattverd.
Takkoffer til kyrkjelydsarbei-
det

17. februar. Enhetsfest.

11.00 Fellesgudsteneste i
Knarvik kyrkje

24. februar

11.00 v/Helge Hitland
Dåp. Nattverd. Takkoffer til
Den norske Bibelselskap

3. mars

11.00 v/Bjørn Tore Sæle
Dåp. Nattverd. Takkoffer til
kyrkjelydsarbeidet

6. mars

20.00 v/Bjørn Tore Sæle
Askeonsdagsgudsteneste
Takkoffer til kyrkjelydsarbei-
det

10. mars

11.00 v/Bjørn Tore Sæle
Nattverd. Takkoffer til kyrkje-
lydsarbeidet

17. mars


11.00 v/Bjørn Tore Sæle
Søndagsåpent
Dåp. Nattverd. Takkoffer til
HimalPartner

24. mars

11.00 v/Helge Hitland
Tårnagenter. Dåp. Nattverd
Takkoffer til Søndagsskolen,
Bergen krins

31. mars

11.00 v/Bjørn Tore Sæle
Nattverd. Takkoffer til kyrkje-
lydsarbeidet



Ny bok: I begynnelsen

Bjørg Simonsen fra Frekhaug vil for mange være kjent for sine tekstilbilder. Hun har bl.a. bidratt med kirketekstiler til Meland kyrkje. Sommeren 2017 hadde hun utstilling med 50 motiver inspirert av skapelsesberetningen. Mange av de frammøtte oppfordret Bjørg til å gi ut bilder og tekst i bokform. Dette er nå blitt en realitet.

I begynnelsen - inspirasjon fra skapelsesberetningen er en flott gavebok med tekstilbilder. Gjennom sydde og malte bilder gjenforteller Bjørg skapelsesberetningen i Bibelen og gjør den visuelt for leseren. Hun er opptatt av at bildene skal vise Guds storhet, men at Gud som har skapt alt dette også bryr seg om deg og meg.

Boka er produsert av Ventura forlag AS og er i salg hos Norli bokhandlere og de kristne bokhandlerne i Åsane og Bergen.

